

## **Dagens modernisering av atom-våpen er farleg.**

SIPRI, Fredsforskningsinstituttet i Stockholm, gir kvart år ut ein rapport om verdas våpen-mengder og våpen-salg. I årets rapport blir det uttrykt bekymring når det gjeld atom-våpen, både på grunn av den geopolitiske spenninga og på grunn av manglende tiltak for overvaking og for å hindra sprenging.

Talet på atom-stridshovud har gått litt ned det siste året, men det skuldast at USA og Russland har fjerna gamle og «pensjonerte» våpen. SIPRI har berekna at det totalt finst 13 400 a-våpen i dag. USA og Russland står for 90% av desse. 3720 er utplasserte med operative militærstyrkar, og 1800 er i «high alert»-tilstand, altså klare til bruk.

Det er svært bekymringsfullt at både USA og Russland satsar stort på fornying av a-våpna og «infrastrukturen» som trengst. **Me opplever altså eit nytt a-våpen-kappløp.** Dessutan har a-våpen fått ei viktigare rolle i dei militære planane og doktrinene. Dette er ei stor endring frå tida etter «den kalde krigen». Då var målet ei gradvis marginalisering av a-våpen. Også dei sju andre a-våpen-statane satsar på «modernisering» av a-våpna sine. (Kina, Frankrike, Storbritannia, India, Pakistan, Nord-Korea og Israel)

### **A-våpen-statane viser liten vilje til forhandlingar om nedrusting.**

Avtalen frå 1987 om reduksjon av kort- og mellomdistanse-rakettar har kollapsa. Den nye Start-avtalen frå 2010, som gjeld reduksjon av strategiske a-våpen, vil gå ut i 2021, viss ikkje USA og Russland blir einige om forlenging. Så langt har ikkje forhandlingane ført fram.

I mai i år kom det fram at USA vurderer å starta med prøvesprengingar igjen, 28 år etter dei slutta. Det er ei farleg utvikling, som må stoppast.

I 2017 vedtok FNs Generalforsamling TPNW, ein traktat som forbyr atom-våpen. 122 land støtta avtalen, og året etter fekk ICAN Nobels Fredspris. ICAN er den internasjonale kampanjen for å forby atom-våpen. I dag har 38 statar ratifisert TPNW-avtalen. Det trengst 50 for at traktaten skal bli internasjonal lov.

Hiroshima-ordføraren starta i 1982 «Ordførere for fred», eit internasjonalt nettverk av kommunar som oppfordrar til å forby atom-våpen. ICAN gjer det same med sin «Cities Appeal». 25 kommunar, med over 2 millionar innbyggjarar totalt, har slutta seg til ICANs appell. Fleire norske kommunar bør gjera det same.

**Norge må slutta seg til FN-traktaten som forbyr atom-våpen!**